



# Evalueringsprogram 2011–2012



**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
Pb 8034 Dep, 0030 Oslo  
Ruseløkkveien 26, Oslo, Norway

Telefon: 22 24 20 30  
Fax: 22 24 20 31

Foto: Fredrik Naumann, Nigeria 2005  
Design: Agendum See Design  
Trykk: 07 Xpress AS, Oslo  
ISBN: 978-82-7548-540-1

## EVALUERINGSPROGRAM 2011–2012

Verksemda til Evalueringsavdelinga er styrt av ein eigen instruks frå Utanriksdepartementet. Avdelinga er ansvarleg for å evaluere heile breidda i norsk utviklingssamarbeid. Programmet består av toårige rullerande planar som blir revidert ein gong i året. Avdelinga bestemmer kva som skal evaluerast ut frå styresmaktene sine kriteria, der det blir lagt vekt på at ein særleg skal evaluere tiltak som er vesentlege, særigne eller fører med seg særleg risiko. Evalueringsavdelinga førebur og kvalitets-sjekkar evalueringane og publiserer rapportane. Evalueringane blir gjorde av uavhengige konsulentar og forskarar som blir valde etter internasjonal anbudsutlysning.

Det går fleire linjer gjennom programmet. Avdelinga tar sikte på å dekke hovuddelane av O3- budsjettet med evalueringar over ein periode på fire – fem år. I 2006 – 2008 vart det lagt vekt på humanitær bistand, frå 2007 til 2009 stod norsk fredsengasjement sentralt i programmet og i 2009 -2010 vart det lagt vekt på å evaluere bistand til å fremje demokrati og menneskerettar. Programmet for 2011-2012 er balansert på tvers av bistandsmåtar og kanalar, med vekt på større policyinnsatsar; klima- og skog, mors- og barns helse og oljesektoren.

Evalueringsavdelinga vil halde fram med geografisk retta evaluering – til vanleg vil denne omfatte all bistand til eitt land. I 2009-2010 vart stønaden til Vest-Balkan evaluert. I 2011 planlegg vi ei landevaluering av innsatsen i Afghanistan saman med eitt eller to andre nordiske land. I 2012 har vi til hensikt å velje eit av dei store mottakarane av langsiktig bistand i Afrika.

Rattsø-utvalet om bistand til det sivile samfunn peika på at det hadde vore for lite resultatevaluering av norske frivillige organisasjonars arbeid. Som ein respons har vi hittil evaluert norske organisasjonars arbeid i Guatemala og Nord-Uganda. I 2010 vart det gjennomført ei evaluering av utvalde prosjekt og program i austafrikanske land. For 2011 er det planlagt ei evaluering av bistand til det sivile samfunn i asiatiske land.

Vi held også fram med sektorevalueringar. I 2009-2010 vart norsk bistand til privat sektor evaluert, og for 2011 set vi opp landbrukssektoren. Vi er og blitt meir systematiske på å evaluere øyremerkte bidrag gjennom multilaterale organ. I 2010 har vi evaluert bistand til demokratiltak gjennom FN-organisasjonar, og i 2011 vil vi ta for oss utdanningsbistanden gjennom multilaterale organ. Ein studie av pengeflaumane gjennom FN er i gang. Desse evalueringane og studiane kjem i tillegg til avtalane vi har med evalueringsavdelingane i Verdsbanken og UNDP. Evalueringsavdelinga har også sagt ja til ein invitasjon frå det svenske evaluerings-

instituttet SADEV til å bli med på ei fellesevaluering av våre lands rolle og arbeid i styra i multilaterale organisasjonar.

Vi gjer vårt beste til å gjennomføre evaluering felles med andre evalueringsavdelingar. Men slike fellesevalueringar viser seg å vere omstendelege og tunge å gjennomføre, delvis fordi rollene, uavhengigheiten og rutinane varierer mellom dei ulike evalueringseiningane. Medan vi deltar i fleire større evalueringar, prøver vi også å samarbeide med færre, slik at gjennomføringa kan bli meir effektiv.

Det kan gjerast endringar i programmet dersom nye behov kjem til. Det kan komme nye ønske om evaluering som endrar tidsrammene. Gjennomføringa vil til ei kvar tid vere avhengig av tilgjengelege ressursar. Månadleg oppdatering av planlagde og pågåande evalueringssjokt finn du på nettsida [www.norad.no/evaluering](http://www.norad.no/evaluering).

## **EVALUERINGAR SOM ER RETTA INN MOT ENKELTLAND**

### **I gang per 31.12.10**

#### ***Verknadsevaluering av norsk samarbeid med Botswana på helsesektoren***

Det vil bli gjennomført ei verknadsevaluering (impact evaluation) av norsk bistand til helsesektoren i Botswana gjennom 30 år. Kontrakt er inngått med det belgiske konsulentfirmaet HERA, som har sett saman eit internasjonalt team.

Rapport i juni 2011.

Ansvarleg: Balbir Singh

### **Første halvår 2011**

#### ***Fellesevaluering av budsjettstøtte til Tanzania***

Vi deltar i styringsgruppa og yter økonomisk bidrag til ei fellesevalueringa som er leda av Danmark, Nederland, Irland og EU-kommisjonen.

Ansvarleg: Balbir Singh

#### ***Evaluering av norsk (og muleg anna nordisk) utviklingsinnsats i Afghanistan***

Bistanden til Afghanistan er svært omfattande både frå norsk og andre lands side, og inneber særlege utfordringar. Ein kan seie at dette utviklingssamarbeidet både er vesentleg, har eigenart og inneber stor risiko. Vi konsulterer andre nordiske land for ei eventuell fellesevaluering.

Ansvarleg: Balbir Singh

## Andre halvår 2011

### **Langtidsevaluering av bistand til landbruk på Madagaskar**

Forstudiar for verknadsevaluering av bistand på landbrukssektoren på Madagaskar er gjennomført, men vi ventar på avklaring av den politiske situasjonen i landet før vi set i gong.

Ansvarleg: Balbir Singh

## 2012

### **Landevaluering av langtidsbistand til ein større afrikansk mottakar**

Avdelingar ønskjer å evaluere norsk bistand til eit av dei afrikanske samarbeidslanda som har vore partner i lang tid. Tanzania eller Mosambik er dei mest aktuelle landa.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

## TEMATISKE EVALUERINGAR

### I gang per 31.12.10

#### **Fellesevaluering av strategiar og tilnærmingar i arbeidet mot korrupsjon**

Evalueringa blir gjort i samarbeid med DFID (Storbritannia), Den asiatiske utviklingsbanken, Sida (Sverige), the Swedish Agency for Development Cooperation (SADEV) og Danida (Danmark), under leiing av Norad. Det vart gjennomført ein forstudie i 2008. Evalueringa vil særleg konsentrere seg om korleis givarane har planlagt og gjennomført si støtte til anti-korrupsjonsarbeid, med feltstudiar i fem land.

Det britiske konsulentselskapet ITAD gjennomfører evalueringa.

Rapport april 2011.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

#### **Følgjeevaluering av det norske klima- og skoginitiativet**

Denne evalueringa er etablert som eit omfattande evalueringsprogram over fire år. Føremålet er å bruke tilgjengeleg evidens til å skaffe kunnskap om resultatet av initiativet på ulike nivå, med vekt på kostnadseffektivitet og måloppnåing. "Lessons learnt" og tilbakemelding til initiativet vil stå sentralt. Programmet vil bestå av studiar og enkeltevalueringar innafor eit heilskapleg program. To evalueringar, av innsats på globalt og nasjonalt nivå, har blitt gjennomført i 2010. Kontrakten er med det britiske konsulentselskapet LTS.

Dei første rapportane, inkludert fem landrapportar, blir lagde fram i februar 2011.

Ansvarleg: Jørn Stave

### ***Evaluering av norsk bistandsforskning***

Ei tidlegare planlagt sluttevaluering av forskingsprogrammet "Utvikling i Sør", som er administrert av Norsk Forskingsråd, har blitt utvida til å omfatte situasjonen for norsk bistandsforskning. Kontrakten er med det svenske SIPU International.

Rapporten skal liggje føre i mars 2011.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

### ***Strategi for Noregs kultur- og idrettssamarbeid med land i Sør***

Strategien vart lansert i 2005 og gjeld for perioden 2006-2015. Nordic Consulting Group gjennomfører evalueringa, og rapporten skal leggjast fram i september 2011.

Ansvarleg: Sigurd Endresen

### ***Evaluerbarhetsstudie av partnerskapsinitiativ for tusenårsmål 4 og 5***

Rapporten frå denne studien vil utgjere grunnlag for ei følgjeevaluering av det internasjonale initiativet for mors- og barns helse. Studien blir gjort av det britiske selskapet HLSP.

Rapporten vil liggje føre i februar 2011.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

## **Første halvår 2011**

### ***Regjeringas initiativ for mødrer og barnehelse***

Denne satsinga tok til i 2007 og blir implementert både bilateralt, multilateralt og gjennom forskning og pådrivarverksemd. Det er planlagt ei følgjeevaluering for perioden 2011-2015.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

### ***Evaluering av Olje for utvikling***

Programmet "Olje for utvikling" starta i 2005. Det er eit nøkkelpogram med høg profil innafor norsk utviklingssamarbeid.

Ansvarleg: Jon Teigland

### ***Syntese av evalueringsrapportar om handelsretta bistand***

Fleire bistandsorgan har dei siste åra gjennomført evalueringar av støtte til å styrke utviklingslands føresetnader for å auke sin internasjonale handel. Det vil bli laga ein synteserapport av slike evalueringar før ein vurderer ei eventuell norsk evaluering på dette området.

Ansvarleg: Jon Teigland

## **Andre halvår 2011**

### ***Evaluering av bistand til landbrukssektoren***

Ei sektorevaluering av norsk bistand til landbruk vil bli starta opp i 2011.

Evalueringa vil omfatte bistand både gjennom bilaterale og multilaterale kanalar.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

## 2012

### ***Midtvegsevaluering av den norske miljøhandlingsplanen***

Baseline-studier for handlingsplanen for miljø vart gjennomførte i 2009, og slutt-evaluering er planlagt i 2015. Midtvegsgjennomgangen vil bli gjort som ei evaluering ved vekt på organisering og gjennomføring av handlingsplanen.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

## FREDSBYGGING OG KONFLIKTFØREBYGGING

### **I gang per 31.12.10**

#### ***Evaluering av fredsbygging og konfliktførebygging i Sør-Sudan***

Nederland har tatt initiativ til ei evaluering av fredsinnsetningen i Sør-Sudan dei siste åra. Evalueringsavdelinga er partner i denne studien.

Rapport vil føreliggje i januar 2011.

Ansvarleg: Beate Bull

#### ***Norsk fredsengasjement på Sri Lanka***

Utanriksdepartementet ønskte å evaluere Norges rolle i fredsprosessen på Sri Lanka i perioden 1998-2009. Kontrakt vart underskrive med Chr. Michelsens Institutt i august 2010.

Rapporten skal føreliggje i mai 2011.

Ansvarleg: Beate Bull

## HUMANITÆR BISTAND

### **Første halvår 2011**

#### ***Fellesevaluering av nødhjelp til Haiti***

Det er interesse blant fleire givarar for ei felles evaluering av nødhjelp til Haiti etter jordsskjelvkatastrofen i januar 2010. Evalueringsavdelinga vil vere ein partner i ei slik mogleg evaluering.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

### **Andre halvår 2011**

#### ***Evaluering av dei humanitære programma til Norsk Flyktningshjelp***

Utanriksdepartementet har foreslått denne evalueringa, som vil vere den første evalueringa av hovudfeltet til ein av dei større frivillige organisasjonane på ei tid.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

## MENNESKERETTAR OG RETTSBASERT UTVIKLING

### I gang 31.12.10

#### ***Bistand til barns rettar***

Dette er ei felles evaluering med Sidas evalueringskontor, som har hovudansvaret, av våre to lands bistand til å fremje barn sine rettar. Retningslinjer og strategiar for slik støtte i Sverige og Norge vil vere utgangspunktet. Kontrakten er med Chr. Michelsens Institutt.

Rapporten vil liggje føre i januar 2011.

Ansvarleg: Anette Haug

#### ***Evaluering av norsk bistand til å fremje menneskerettane***

Evalueringa skal gi ei oversikt over norsk støtte for å fremje menneskerettar og utvikling og vil vurdere kva endringar denne støtta har ført til på bestemte område. Evalueringa legg vekt på lærdommar som kan brukast som grunnlag for framtidig strategi, politikk og tiltak på dette området. Kontrakt er underskriven med Scanteam.

Rapport vil bli offentleggjort i mai 2011.

Ansvarleg: Vibecke Dixon

### Første halvår 2011

#### ***Norsk bistand for å fremje funksjonshemma sine rettar***

Bistand både til styresmakter og til organisasjonar som arbeider med å betre situasjonen for funksjonshemma og sikre deira rettar har vore eit viktig element i norsk utviklingssamarbeid. Ein plan for arbeidet med menneske med funksjonshemming i norsk bistand vart vedtatt i 1999.

Ansvarleg: Anette Haug

### 2012

#### ***Resultatoppnåing innafor likestilling og kvinners rettar***

Dei evalueringane som tidlegare er gjorde på dette området, inkludert midtvegs-gjennomgangen for 2007-2009, har fokusert på apparat og prosess. Det er lite kunnskap og dokumentasjon på kva som skjer på landnivå. Fokus vil bli på resultat.

Ansvarleg: Siv Lillestøl



## DET SIVILE SAMFUNNET

### I gang per 31.12.2010

#### ***Norske organisasjonars prosjekt i Aust-Afrika***

Ei evaluering av 15 tilfeldig utvalde prosjekt finansiert gjennom norske frivillige organisasjonar i Uganda, Tanzania og Kenya blir gjennomført for å kartleggje verknadene på feltnivå.

Rapport i april 2011.

Ansvarleg: Vibecke Dixon

#### ***Evaluering av Transparency International***

Føremålet med denne evalueringa er å komme fram til lærdommar som kan brukast av sekretariatet til Transparency International og den breiare organisasjonen i utforminga av strategi, program, tilnærming og organisasjon.

Rapport i februar 2011.

Ansvarleg: Eirik G. Jansen

### Andre halvår 2011

#### ***Bistand til det sivile samfunn i Asia***

I serien av evalueringar av bistand gjennom det sivile samfunn vil ei evaluering av slik støtte i Asia bli evaluert.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

### 2012

#### ***Evaluering av resultatata av bistand til IUCN***

SIVSA i Norad har foreslått ei evaluering av oppnådde resultat av norsk og anna bistand gjennom International Union for the Conservation of Nature IUCN.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

## FORMER FOR UTVIKLINGSSAMARBEID

### I gang per 21.12.2010

#### ***Evaluering av oppfølging av Paris-erklæringa og Accra Agenda of Action***

Dette er den andre fasen av ei stor fleirgiverevaluering starta i 2007. Resultata av evalueringa vil bli lagt fram på høynivåmøtet om bistandseffektivitet i Sør-Korea i 2011. Vi støttar denne evalueringa, men deltar ikkje i styringa av henne.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

### ***Bruken og konsekvensane av godtgjering for deltaking på møte og seminar og liknande i bistanden***

Denne studien vil oppdatere forståinga av opphavet til og følgjene av godtgjering ved seminar og workshops basert på informasjon frå tre land: Etiopia, Malawi og Tanzania. Kontrakt vil bli underskriven i januar 2011.

Rapporten skal liggje føre i juli 2011.

Ansvarleg: Eirik G. Jansen

## **Første halvår 2011**

### ***"Bistandsarkitekturen" sett nedafra***

Hensikten med denne studien er å finne ut korleis folk – i gatene og landsbyane i afrikanske land kjenner og opplever at dei nyt godt – eller ikkje – av dei mange bistandsorganisasjonane som leverer tenester for befolkninga i eit område. Føremålet er å skape auka kunnskap om resultat og verknad av utviklingssamarbeidet.

Ansvarleg: Beate Bull

## **MULTILATERALE KANALAR**

### **I gang per 31.12.2010**

#### ***Norsk bistand til demokrati gjennom FN-organisasjonar***

Ein stor del av norsk bistand på dette området blir kanalisert som øyremerkte midlar gjennom multilaterale organ, anten på globalt nivå eller i norske samarbeidsland. Denne evalueringa vil ha som føremål å vurdere relevans, kostnadseffektivitet og resultat av norske midlar som går gjennom den multilaterale kanalen.

Rapporten skal vere klar i mars 2011.

Ansvarleg: Beate Bull

#### ***Den internasjonale migrasjonsorganisasjonen IOMs innsats mot menneskehandel***

IOM er Norges viktigaste partner i arbeid mot menneskehandel. Norad og UD har tidlegare gjort ei kartlegging av internasjonale trendar på område og ein gjennomgang av dokumentasjon som gjeld norsk innsats mot menneskehandel.

Evalueringsrapporten skal vere klar i februar 2011.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

#### ***FNs pengebruk***

Det er eit ønske i UD å vite meir om ressursbruk og pengestraumar i FN-systemet, ikkje minst på bakgrunn av at ein så stor del av det norske utviklingsbudsjettet går gjennom FN. Kontrakt for ein deskstudie vart underskriven med det franske selskapet Investment Development Consultancy i august 2010.

Rapporten skal vere klar i mars 2011.

Ansvarleg: Balbir Singh

## Første halvår 2011

### ***Bistand til utdanning gjennom multilaterale kanalar***

Ein stor del av norsk bistand til grunnutdanning er øyremerkt bistand gjennom multilaterale organ, særleg Verdsbanken og Unicef. Evalueringa vil vere avgrensa til bruken av øyremerkete norske midlar.

Ansvarleg: Vibecke Dixon

### ***Fellesevaluering av Sveriges og Norges rolle og arbeid i styra til multilaterale organisasjonar og bankar***

Den svenske evalueringsmyndigheten SADEV har invitert Evalueringsavdelinga til å bli med på ei fellesevaluering av våre to lands rolle og innsats i multilaterale styrande organ. Det er foreslått å inkludere styra til Verdsbanken, Afrikabanken, UNDP og Unicef.

Ansvarleg: Vibecke Dixon

## Andre halvår 2011

### ***Studie av kor godt førebudd multilaterale bistandsorgan er til å handtere økonomisk svik***

Utanriksdepartementet har foreslått ein studie av tiltak inn multilaterale organisasjonar for å hindre, avsløre, rapportere frå og handtere korrupsjon og anna økonomisk svik.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

## Evalueringsavtalar med multilaterale organisasjonar

### ***Partnerskapsavtale med Verdsbanken***

Evalueringsavdelinga har underskrive ein avtale med Independent Evaluation Group (IEG) i Verdsbanken om bidrag til evalueringar som er spesielt interessante for Norge.

- Landprogramevaluering for Aust-Timor
- Evalueringa Verdsbankens bistand til vekst og produktivitet i landbruket
- Studie av Verdsbankens analysar av verknader på sosiale forhold og fattigdom (Poverty and Social Impact Analysis)
- Evaluering av bistanden til "Safety Nets"
- Evaluering av Verdsbankens bidrag til givarkoordinering i Afrika
- Evaluering av gjennomføringa av Bankens strategi for styresett og antikorrupsjon (GAC)
- Gjennomgang av regionale program
- Evaluering av utvalde spørsmål i utvikling av privat sektor
- Evaluering av resultatane av Bankens handlingsplanar for infrastruktur frå 2001 og 2006 med tanke på tilgang til og berekraft
- Evaluering av Bankens støtte til vidaregåande utdanning i høve til behov i arbeidsmarknaden
- Landprogramevaluering for Afghanistan
- Klimaendring III – evaluering med fokus på tilpassing til klimaendring

Ansvarleg: Balbir Singh

### **Partnerskapsavtale med FNs utviklingsprogram UNDP**

Evalueringsavdeling har underskrevet avtale med evalueringskontoret i FNs utviklingsprogram UNDP.

### **I gang per 31.12.2010**

- Evaluering av UNDPs bidrag til miljøforvaltning for å oppnå fattigdomsreduksjon. Rapport i januar 2011
- Evaluering av UNDPs bidrag til desentralisering og lokalstyre. Rapport i januar 2011
- Landevaluering av UNDPs bistand til utviklingsresultater i Malawi og Bangladesh. Rapport i januar 2011

### **2011**

- Evaluering av UNDPs rolle og bidrag til land i konflikt
- UNDPs rolle og bidrag i bistanden til å styrke valseksjon og valgprosesser
- Landevaluering av UNDPs bistand utviklingsresultater i Liberia, DR Kongo og Nepal. Rapporter sent i 2012.

Ansvarleg: Beate Bull

## **ADMINISTRASJON OG INFORMASJON**

### **Andre halvår 2011**

#### **Støtte til informasjon om bistand og utvikling**

Kan omfatte støtte til opplysningsverksemd om utviklingsland gjennom RORG, men også Norads, UD og dei store frivillige bistandsorganisasjonane sitt informasjonsarbeid om bistand og utvikling.

Ansvarleg: Ikkje bestemt

### **2012**

"Peer review" av funksjon, oppfølging og verknader av evaluering i norsk utviklingssamarbeid







---

**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid

Postadresse

Pb 8034 Dep., 0030 OSLO

Besøksadresse

Ruseløkkveien 26, Oslo, Norway

Tel: 22 24 20 30

Fax: 22 24 20 31

Opplag: 600

[postmottak@norad.no](mailto:postmottak@norad.no)

[www.norad.no](http://www.norad.no)

